

Til alle føresette med elevar i 1.-4. klasse  
skuleåret 2014-15

## Informasjon om SFO 2014-15

Tida går fort og me er alt i gong med planlegginga av komande skuleår, deriblant SFO-tilbodet. Me minner difor om at søknadsfristen for SFO-plass for neste skuleår er 1. mai. Oppseiingsfristen til neste skuleår er også 1. mai. Oppseiing skal skje skriftleg. Elevar som skal opp i 5. klasse vert automatisk utmelde. Vedlagt er påmeldingsskjema som også kan nyttast til oppseiing og endringsmeldingar.

Sjølv om alle i 1.-3. klasse som har SFO-plass i dag, automatisk har plass neste skuleår, ønskjer me at **alle** fyller ut skjema denne gongen. Dette fordi det er nye frammøtetider for skuleåret 2014/2015. Frammøtemønsteret er ikkje heilt i boks enno, men det synes klart at det vert 5 dagars skuleveke for alle elevane og der 1.-3. klasse har korte skuledagar måndagar, onsdagar og fredagar.

Opningstida for skulefritidsordninga på Ostereidet barneskule skule er som det alltid har vore, mellom kl. 07.30 og 16.30.

Som det går fram av vedtektene vert tida om morgonen rekna frå kl. 07.30 uavhengig av frammøtetid og ettermiddag vert rekna til kl. 15.30, kl. 16.00 eller kl. 16.30.

Sidan det neste skuleår vil verta ein del korte skuledagar for elevane, vil me opna for at ein kan rekna frammøtetid til kl. 14.30 desse dagane.

Ostereidet SFO tilbyr berre 10 mnd. SFO-plass, det vil seia at SFO er open alle skuledagar (190 dagar). Skulane Leiknes, Knarvik, Alversund og Lindås har heilårs-SFO og er opne heile året bortsett frå juli månad og 5 planleggingsdagar.

Ynskjer de ein slik heilårsplass, kan elevane få vera på ein av desse fire skulane i feriar/fridagar. Hjø oss har det vore vanleg at elevar med heilårsplass er på Leiknes når me har stengt.

Det er også mogleg for ein elev med 10 mnd. plass å kjøpa dagplass i feriar. Dette kostar 165 kr. dagen. Ein må då ta kontakt med den heilårs-SFOen ein ynskjer å nytta.

Det kan vera lurt å vera ute i god tid.

### Foreldrebetaling:

Følgjande satsar gjeld for 2014:

1. Det skal vere eins pris for heile kommunen.
2. Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. For dei fast tilmeldte barna betaler føresette per månad:





	Ordinær plass: (følgjer skuleruta)	Heilårstilbod (dekkjer bruk i feriar/fridagar)
A: t.o.m. 9,5 t i veka:	1 375 kr. pr. mnd.	1 566 kr. pr. mnd.
B: 10 t – 14,5 t i veka:	1 924 kr. pr. mnd.	2 099 kr. pr. mnd.
C: 15 t og meir i veka:	2 491 kr. pr. mnd.	2 636 kr. pr. mnd.

- Den enkelte skule fastset i tillegg ei foreldrebetaling for måltid som dekkjer dei faktiske utgiftene. På Ostereidet barneskule er prisen 10 kr. pr. måltid, med ein makspris på 200 kr. pr. måned.  
Foreldra må også betale for eventuelle ekstratilbod barnet deltek i.
- For kjøp av einskildtimar betalar føresette eit beløp pr. time:  
Dersom barnet er fast tilmeldt SFO: kr 35,- per time (for tid ut over maks. tilmeldt SFO-tid).  
Dersom barnet ikkje er fast tilmeldt: kr 56,- per time.
- I feriar og fridagar kan ein ved behov kjøpa dagplass på ein av SFO-ane som har heilårstilbod. Kjøp av dagplass i feriar og fridagar kostar 165 kr. pr. dag.  
Denne dagsatsen gjeld for heile dagar for fast innmelde og andre.
- I samsvar med vedtektene vert det gitt søskenmoderasjon i SFO med 40% for barn nr. 2 og 60% for barn nr. 3 for fast månadsbetaling.
- Ved for sein henting av barn skal SFO krevja eit gebyr på kr 224,-.
- Det vert fakturert heile månader. Det vil seia at ein for ordinær SFO-plass vert fakturert for sept-juni (10 mnd) og for heilårsplass aug-juni (11 mnd).  
Kommunen presiserer at nye 1. klassingar som skal ha heilårsplass må betala full pris i august sjølv om dei ev. vel å vera i barnehagen fram til 1. skuledag.

#### Frammøtemønsteret:

Som tidlegare nemnt er ikkje frammøtemønsteret heilt klart enno. Det som synes klart er at alle elevane skal ha 5 dagars skuleveke der 1.-3. klasse går korte måndagar, onsdagar og fredagar (til kl. 12.40). Når det gjeld den korte skuledagen for 4. klasse prøver skulen å flytta den frå måndag, slik høyringsforslaget gjekk ut på, og til onsdagar slik det er i år. Skulen ventar no på endeleg svar frå Skyss vedkomande skuleskyssen.

Påmeldingsfristen til SFO er 1. mai og vi ser ikkje då at vi har tid til å venta på tilbagemeldinga frå Skyss. Vi har i påmeldingsskjemaet lagt opp til frammøtemønster som nemnt ovanfor. Dersom dette vert endra, t.d. at 4. klasse må tilbake til korte måndagar, vil de sjølv sagt få melding om dette så snart vi får beskjed og anledning til å endra SFO-tidene.





**Leksehjelp:**

Det er enno ikkje avklart kva som skjer med leksehjelp neste år.  
Ved ev. bruk av leksehjelp når eleven er påmeldt SFO vil opphaldstida på SFO verta redusert tilsvarande.

Med helsing

*Edith K. Stusdal*  
Edith K. Stusdal  
inspektør

*Benedikte Jordal-Aarra*  
Benedikte Jordal-Aarra  
SFO-leiar

**Vedlegg:**

Påmelding til SFO i Lindås 2014-15



